

**Frå:** Anne Lise Molvik  
**Send:** tirsdag 9. november 2021 15:55  
**Til:** annchristine@veranda.no  
**Emne:** Tiltak på gbnr 214/46 Fyllingsnes

Hei, Ann Christine Pedersen

Eg viser til samtale med deg i dag vedkomande innglassing av eksisterande altan på gbnr 214/46.

Vi kan ikkje sjå av kommunen sitt arkiv at altanen er godkjend etablert. Dersom det ikkje kan dokumenterast løyve til etablering må sjølve altanen også inngå i tiltaket. Innsend kart og teikningar er tilstrekkeleg for vår saksbehandling, men erklæring for arbeidet må sendast inn. Dette kan t.d. skje ved utviding av arbeidsområdet som det er erklært ansvar for, eller ved at tiltakshavar søker personleg ansvarsrett som sjølvbyggjar.

Vi avventar tilbakemelding frå dykk. Vedtak vil bli fatta når tilbakemelding ligg føre.

Helsing

**Anne Lise Molvik** | Rådgjevar på byggesak

**E-post:** [anne.lise.molvik@alver.kommune.no](mailto:anne.lise.molvik@alver.kommune.no) | **Telefon:** +47 56 37 50 00  
**Kundesenter:** +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** [www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)